

HYRDINGEN

NR. 5

Oktober 2012

ÅRGANG 54

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



75-års jubileum

23. september 2012

Side 6-7



Arne O. Øystese
sluttar av som prost

Les meir side 5



Vikebygd kyrkje: 75-års jubileum 1937 - 2012



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3201.53.18049
Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,
5574 Skjold
Layout/trykk: A1 Grafisk Idé, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Johannes Nedrelid, Eiotunet,
Pb. 60, 5588 Ølen
Tlf. 53 65 65 41 Fa 53 76 72 00
Privat 53 76 86 22
Epost: johannes.nedrelid@
vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12
ons kl. 12.30-14

Soknepresten i Skjold

Skjold kyrkje, Pb. 6, 5574 Skjold
Tlf. 52 76 73 82 Fa 52 76 73 89
Kontortid: Tys 9-15

Jon Ådnøy (vikar)
Mobil 932 45 645
jon.adnoy@
vindafjord.kommune.no

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Kommunehuset,
Pb. 40, 5583 Vikedal.
Tlf. 53 65 56 17 -Mobil 413 25 280

Kontortid: Tor 9-15

Forværelse:
Marit Hegrenes tlf. 53 65 56 18

Prostiprest:

Bjarne Hjelvik

Fengselsprest:

Arild Markussen tlf. 944 39 639
Mandag er prestane sin fridag.

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Kyrkjevevja i Vindafjord

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 52 76 73 85 / 977 64 146

Soknerådsleiarar:

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vikedal: Herdis Pedersen
Sandeid: Rakel Årak
Vats: Arild Urdal
Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug
Bjoa: Trond Ove Alvseike
Vikebygd: Brit Nelly Tveit
Skjold: Ottar Krakk

Presten har ordet

ved vik. sokneprest Jon Ådnøy



Kva har rikdommen gjort med meg?

Me hadde utedo til eg var seks. Men det var slett ikkje smått eller stakkarsleg. Med innlagt vatn, to soverom – eitt for foreldra, og eitt for fire ungar – og 12 kvadratmeter per familiemedlem sakna eg ingenting.

I dag disponerer eg og kona tre vassklosett, tre dusjar, fleire ledige gjesterom og over 100 kvadratmeter kvar, om eg reknar med hytta. Og kvifor skulle eg ikkje det? Me har ikkje vunne i lotto, ikkje arva mykje heller. Me har berre vore friske og raske, og fått utdanning og arbeid. Aldri har me svalt, aldri trengt å frysa på grunn av dårlege hus eller utslitne klede. Me har sloppe det slitet som gjorde mange av forfedrane våre gamle då dei var mykje yngre enn eg er no.

Me er om lag som mange andre som har vore med på lasset i etterkrigs-Noreg. Framsynte politikarar, tiltaksglade og flinke leiarar i bedrifter, ein solid arbeids- og skattemoral og mange gode band som knyter saman folket som bur her – alt dette er ein del av forklaringa på at det gjekk så godt. At eg har det så godt.

Ikkje alle har det slik. Eg har tenkt mest på det, når eg har vore utanlands: Kor godt me har det! Som bur i eit land der bilar

stansar for fotgjengarar, der vatnet i dei fleste bekker og elvar er drikkande, der mange av oss har naboar som vil oss vel meir enn dei misunner oss. På toppen av det heile har mange så mykje pengar at me langt på veg kan velja kva liv me vil leva.

Det er ikkje alltid kjekt å lesa om seg sjølv i Bibelen. Men eg kan ikkje fri meg frå at eg liknar mykje på den rike mannen (Lukas 16, 19-31) som hadde armingen Lasarus liggjande utanfor porten sin. Rikingen har ikkje akkurat ei helterolle i historia Jesus fortel.

Det er eit faktum at mange verda rundt ville rekna det som luksuriøst om dei fekk leva slik eg hadde det på 1950-talet. Milliardar har ikkje råd til å tenkja på meir enn å overleva, i evig kamp mot svolt, sjukdom eller vald. For meg er alt blitt større, finare og dyrare, tiår for tiår. Medan Lasarus-ane i porten er blitt mange, mange fleire.

Kva skal eg så gjera? Eg vil helst ha eit liv "i purpur og lin og ... fest og prakt dag etter dag", utan for dårleg samvit. Forteljinga om den rike mannen og Lasarus viser at rikdom er farleg. At pengemakt kan gjera blind, så eg korkje ser Gud eller medmenneske. Då mistar eg meg sjølv.

Felles sokneprest for Vikebygd, Skjold og Vats

Det har lenge vore klart at Vikebygd, saman med resten av Vindafjord, skal skifte prosttilknytning. Me har i nokre år hatt prosten vår i Sauda og har tilhøyrt Nordre Ryfylke prosti. Dette prostiet skal leggst ned, sannsynlegvis frå nyttår, og då vil me tilhøyra Haugaland prosti, og prosten vil ha kontor i Haugesund.

Litt ut på nyåret vil det også endra seg kva prest som vil ha hovudansvaret for Vikebygd. Det har lenge vore slik at soknepresten i Ølen har hatt ansvar for Ølen, Bjoa og Vikebygd, medan soknepresten i Skjold har hatt ansvar for Skjold og Vats. I samband med at det skal tilsetjast ny

prest i Skjold har bispedømmerådet bestemt at denne presten også skal ha ansvaret for Vikebygd. Dette er i tråd med soknerådet i Vikebygd sitt ynskje, og det har tidlegare vore nemnd i bispevisitasrapportane som ei ynskt utvikling. I fleire år har allereie konfirmantane vore hatt konfirmantførebuingane saman med Skjold og Vats, og dette er mellom anna ei av grunnane til endringa. I tillegg budde det vesentleg fleire menneske i Ølen, Bjoa og Vik enn det gjorde i Skjold og Vats. Med endringa blir det ei jamnare fordeling.

Vikebygd Sokneråd v/Øyvind Valen



Av Steinar Skartland

Hausten er komen. Dei grøne trea har skifta farge til raudt, gult og brunt. I kyrkjene våre har dei markert Hausttakkefest der borna får bera inn litt av grøda vi har fått av Guds skaparverk. Vi er takksame for at vi har det så godt, og det er rett å læra borna til å takka og å visa glede.

Samstundes er det kort veg frå oss til nauda hjå dei som har lite. Vi klagar over høge matvareprisar. Andre har låge prisar, men har ikkje pengar å kjøpe for. Vi ser dei i media og når vi reiser på ferie. Men også på gatene i vårt eige land. OK så lenge dei ikkje står ved mi dør eller set opp telt i min hage. Vi vil gøyma bort dei som ikkje er like vellukka som oss. Men i tanken min surrar ein song av Cornelis Vreeswijk:

"Du kan ingenting ta med dig dit du går; nej du kan ingenting ta med dig dit du går. Det finns alltid någon hungrande som invid vägen står och du kan ingenting ta med dig dit du går."

På søndagsskulane syng borna våre:

"Vi kan dele, dele, dele du og jeg, dele av vår overflod med dem som mangler hus og hjem og ikke har no` daglig brød. Vi kan dele, dele, dele du og jeg med dem som er i nød."

Eg vonar dette ikkje berre vert ein barnesong, men ord som born og vaksne kan ta med seg vidare i livet.

Hugs!

Innsamling av klede til Ukraina. Vikebygd, Skjold og Vats 24.-25. oktober.

Utanlandsteneste i Uganda



Halvard Stuhaug frå Sandeid og Camilla Haraldseide frå Skjold.

Dei vel å gje eit år av sitt 20 år unge liv til teneste for Strømmestiftelsen, Skulelaget og KRIK ved barnehage og skule i eit Afrikansk land. Med sommarfuglar i magen sette dei seg på flyet 2. oktober på veg til spenning og utfordringar i byen Kampala, hovudstaden i Uganda.

Av Steinar Skartland

Halvard Stuhaug frå Sandeid og Camilla Haraldseide frå Skjold har gjort seg ferdige med vidaregåande. Ho har eitt år bak seg på folkehøgskule der dei også fekk reisa til Uganda og vart kjende med arbeidet desse organisasjonane driv der. – Eg ville gjerne oppleve meir av dette, fortel Camilla og legg til: – Eg ville bety noko for borna i skulen og barnehagen der. Dei som ikkje har så mykje av materielle ting som me har i vårt land. I Uganda skal me jobba i barnehage for born som berre har ein forelder, oftast ei mor. Alternativet til borna var å bli stengde inne medan foreldra var på arbeid. Nå får dei ein sjangse gjennom barnehagen og skulen der me skal jobba.

Halvard var nett ferdig med militæret etter å ha gått på Lundeneset VGS. Som liten var han med foreldra som var misjonærar i Sør-Amerika. Kanskje det er det som har freista engasjementet? Begge valde dei å studera eit år på Hald Internasjonale Senter i Mandal. Eit samarbeidsprosjekt mellom NMS, Laget og Strømmestiftelsen. Her er tre linjer med utveksling internasjonalt. 36 elevar er frå Afrika og 52 frå Noreg. Etter seks veker på skulen, der dei budde saman med dei afrikanske studentane, så skal dei vera sju månader i Uganda, fram til våren, og avsluttar med nye seks veker

på skulen i Noreg.

–Elevane er delte inn i team med to gutar og to jenter, fortel dei. –I tillegg til å arbeida i barnehagen skal vi ha undervisning i engelsk, førstehjelp og idrettsfag i skulen, noko som er i regi av KRIK (Chrisc). –Borna har ikkje ein farsrollefigur slik vi har, seier Camilla. Difor er det viktig med mannlege studentane i kvart team. Skule- og barnehageprosjektet er kristent arbeid og i Uganda er 80% kristne. Strømmestiftelsen er partner med lokale personar som driv eit Strømme foundation kontor og legg vekt på at arbeidet skal drivast av lokale innbyggjarar og ikkje utlendingar. For dei norske studentane er dette ein del av studiet i internasjonalt arbeid og tverrkulturell kommunikasjon, som faget heiter. Dei må sjølve betala 80.000 kroner for eit studieår og får ikkje løn, men 1000 kroner i veka til mat når dei er i Afrika. – Me veit lite konkret, men skal også reisa til dei sju ulike provinsane i Uganda og ta eit tak på kvar plass der Strømmestiftelsen driv arbeidet sitt, seier Camilla som gler seg til opphaldet, sjølv om ho har litt reisenervar.

Under opphaldet på Hald har dei studert grunnleggjande 'luganda', som er det nest største språket etter engelsk i Uganda. Vel framme i storbyen Kampala får dei kvar sine mentorar som skal fylgja dei opp. Her er mykje ukjent, men alt er godt organisert for at dei skal vera trygge.

Me ynskjer dei god reise og ser fram til å få reisebrev frå Afrika til seinare nummer av Hyrdingen. Men undervegs kan folk her heime fylgja dei på bloggane på internett, med adressene:

camillainuganda.blogspot.no og
toutenskjeggiuganda.blogspot.com

Haustattakkefest i Skjold kyrkje



Barnedåp under Hausttakkefesten



Vikarprest Jon Ådnøy hadde mange gode hjelparar under gudstenesta. Her hjelper Thomas og Solveig Therese han ved utdelinga av "Mi kyrkjebok."



Solosong av Kristina.

Haustattakkefest, tre barnedåpar, "Mi kyrkjebok" til fireåringane, "nyprest" Jon Ådnøy, det var så mykje som trekte folk til kyrkje denne familiegudsteneste-søndagen tidleg i september. Kyrkja var pynta med "markens grøde" og store og små fylde nesten alle benkeradene denne søndagen.

Det vart ein gudsteneste for alle, både store og små. Særleg dei yngste var flinke til å hjelpa den nye presten med ulike gjeremål og handlingar, noko bileta under illustrerar.

Ellen Ivesdal: Min song

Eg vart spurd om å dele ”Min song” med lesarane av Hyrdingen. Og det gjer eg med glede. Eg heiter Ellen Ivesdal – er 72 år og bur i Ølen. Min song er nr. 347 i Sangboken: Jeg er i Herrens hender..

Ei spesiell hending i livet mitt gjer at denne songen er blitt min song. Eg var

på sjukehuset og skulle gjennom noko som ikkje var heilt ufarleg. Då fall denne strofa ned i meg: Fra himlens høye saler hans øye følger meg. I same stund var eg heilt trygg. Og det vil eg så gjerne få sagt til deg som les dette: Det er fantastisk å få vere i den handa. Kjenne tryggleiken som omgir meg.

Grunnlaget for dette er at eg har fått kome til Jesus med livet mitt. Utan å ha noko som helst å vise til av gjerningar. Slik som eg var fekk eg kome til Gud. Og så får eg leva i dette. Denne tryggleiken. Mitt ønskje er at me alle må få vere der, I HERRENS HÅND.

Jeg er i Herrens hender

*Jeg er i Herrens hender når dagen gryr i øst.
Hver morgen han meg sender sitt ord med hjelp og trøst.
Hva dagen meg vil bringe av glede og av savn,
Jeg kan på bønnens vinge få kraft i Jesu navn.*

*Jeg er i Herrens hender i alt som med meg skjer.
I smil og gråt jeg kjenner at Herren er meg nær.
Om jeg i dype daler må gå den tunge veg,
Fra himlens høye saler hans øye følger meg.*

*Jeg er i Herrens hender når dagen dør i vest.
Min synd jeg stilt bekjenner for ham, min høye gjest.
Han gir meg himlens nåde og setter englevakt.
For natten han vil råde med hellig guddoms makt.*

*Jeg er i Herrens hender når dødens bud meg når.
Mens lyset stilt nedbrenner, fra ham jeg hilsen får.
Han gir meg stav i hånne, Han gir meg trøst i sinn,
Og glemt er ve og vande på vei til himlen inn.*

Tekst: Erling Tobiassen 1932 / Sangboken nr. 347



Ellen Ivesdal, Ølen.

Takk til prostiprest Arild Markusen!

Frå 1. februar 2009 har Arild Markusen fungert som prosti/fengselsprest i Nordre Ryfylke prosti. Det blir ei ending i hans tenests frå 01 oktober 2012: Markussen får då si prostiprestteneste i Suldal og Sauda, men er framleis fengselsprest i Sandeid fengsel. Han erstattar prosten i Nordre Ryfylke si presteteneste i Sauda + er prostiprest i Suldal. Dette utgjer til saman 60% av hans årsverk; dei øvrige 40% er fengselsprestteneste.

Med dette vil prosten retta ei hjarteleg takk for den trufaste og solide prestetenesta Arild Markussen har utført i Vindafjord desse åra! Det var ein vel røynd og dyktig prest som tok til i denne nyoppretta stillinga. Han har såleis kunna ausa av si rike røynsle som prest – sidan 1981. Frå mange hald har prosten fått attendemeldingar på godt utført arbeid ved gudstenester, gravferder og andre kyrkjelege handlingar – i tillegg til dei

mange gonger han også har delteke på andre arrangement i lokalkyrkjelyden og på bedehusa.

Me er glade for at prest Arild framleis er i området, og ønskjer han Guds signing når han no går over i nye oppgåver i Ryfylke.

Arne O. Øystese, prost

Overgangsordning og endringar i prostiet

Som ei overgangsordning skal Sigfred Sørensen fungere i tenesta som prost i Nordre Ryfylke prosti ut år 2012. Han er i dag tilsett som prost i Ytre Stavanger

prosti, men er i studiepermisjon frå denne tenesta. Sørensen er busett på Jelsa. Etter 1. januar 2013 vil Nordre Ryfylke prosti opphøyre og Vindafjord vert tillagt Hau-

galand prosti.

Bjarne Hjelvik vil framover vera fungerande prostiprest for Vindafjord.



Arne O. Øystese er ein god forteljar for både store og små.

Nær Gud - nær menneske

Etter 20 år som prost i Nordre Ryfylke prosti, gjer ein seg tankar om dei åra som er gått sidan vi kom hit i 1992. Først og fremst er det takk til Gud, som har gjeve meg ei sers interessant teneste i kyrkjelydane her, og ikkje minst ei god helse. Det har vore rike år, som eg med stor glede ser attende på.

Etter 2 år som feltprest i Setesdalen og så 12 år som sjømannsprest, har resten av tida mi som prest vore her i området. Når eg reflekterer over dei store linjer gjennom desse åra, er det to forhold eg vil stansa ved:

Nær Gud

For ein kristen, og ikkje mindre for ein Herrens tenar i fulltidsteneste, er det å halda seg nær Gud heilt umisteleg. Han som gjorde meg til sitt barn i den heilage dåpen, har uavkorta stått ved sine lovna-der dag for dag. Å ha eit fast grunnlag både som kristen og som tenar i Guds rike, er rikt. Vi menneske endrar oss – frå barn til vaksen. Nokre dagar er ljose, andre spekka med mørke og motgang. Av og til kjenner ein seg på topp – andre gonger har ein helst hug å gøyma seg. Slik er livet. Å ha ein kjærleg far i himmelen som gjennom alle desse åra har

halde ein fast hjå seg, og: å kunna gå til dei kjelder der han gir styrke og kraft, er heilt avgjerande. Gud – som gjennom Jesus Kristus – har openberra seg for oss som Frelsar, Vegen, Sanninga og Livet – er sjølv berehjelen i kristenliv og teneste. Fellesskapet med Guds folk i gudstenester og andre samlingar i Jesu namn, er såleis heilt avgjerande for å bli bevart som hans barn.

Nær menneske

Gjennom tenesta i forsvaret, seinare på skipsbesøk i handelseflåten vår og så kyrkjelydsprest her i Ryfylke har nettopp møte med menneske vore det andre og rike i tenesta. Det å møte einskildmenneske og grupper av folk ute i felten; på deira banehalvdel, har vore utruleg lærerikt. Eg har her i Sauda hatt stort utbyttte av å møte menneske på blant anna smelteverket. Å gå blant folk utan å ha noko der å gjera – altså uformelle møte mellom prest og folk – trur eg er langt meir byggjande for tillit mellom kyrkja og folket enn ein er klar over. På den måten får presten vita korleis folk tenkjer; kva ungdom og andre er opptekne av. Nokon får frimod til å fortelja at mor deira er sjuk, og andre

at eg strevar med livet. Slike møte gjer noko både med presten og dei han kjem i kontakt med. Det gjev ein ganske annan referansebakgrunn når ein då seinare møter dei same menneskja ved dåp, konfirmasjon, vigsel eller gravferd. – I ei tid der eg klårt ser at også prestane meir og meir blir bundne til datamaskina, dokument, møte og atter møte, er det å vera ute blant folk noko vi ikkje må missa. Forkynninga vil også tena på dette: presten får vita korleis folk tenkjer. På den måten kan Guds ord blir relatert direkte inn i kvardagen til menneske.

Gilde 20 år i Nordre Ryfylke

Som prost i Nordre Ryfylke prosti gjennom vel 20 år, vil eg med dette få takka dei 8 kyrkjelydane i Vindafjord, til-litsvalde og tilsette i Vindafjord kommune, for gode og rike samvere! Det har vore inspirerende for meg å møte kyrkjelydane ved gudstenester, gravferder – delta på soknerådsmøte og vera i lag med tilsette. Hjarteleg takk for gode år! Ønskjer alle Guds rike signing i tida som kjem!

Arne O. Øystese, prost

Arne O. Øystese sluttar som prost

Prosten vår, Arne Øystese, har nådd pensjonsalder og tek farvel med kyrkje-lydane. I det høvet tek han seg tid til å dela nokre tankar med "Hyrdingen".

Me undrast på kva som fekk han til å bli prest, og det kjem fram han at han hadde tenkt å studera språk etter gymnasen, men først avtena verneplikta – i Marinen.

Så fortel han vidare: "Vel innkomen på rekruttskulen på Madla ved Stavan-ger, hende det noko som kom til å bli avgjerande i livet mitt. Eg fekk kall til å bli prest. Heilt uventa kom det over meg. Feltprestane vart til god hjelp, og same hausten var eg i gong. Avgjerda frå den gongen, sommaren 1970, har eg aldri si-dan vore i tvil om var rett."

Seinare vart han prest i Den norske kyrkja i utlandet ("Sjømannsmisjonen") i mange år, og me lurar på om det har forma han på nokon måte.

"Ja. Ikkje minst i møte med dei mange sjøfolka eg traff", seier han. "Dei var rett på sak når dei tala, og sa sanninga til presten utan noko form for filter Tida ute som sjømannsprest vart eit nytt slag praktikum i så måte. Det lærte meg mykje om det å møta menneske der dei er. Kontakt med denne gruppa om bord på skipa, og seinare på leseværelset i sjømannskyrkja med andakt, kaffi og vaflar vart ein god start på prestetenesta."

Seinare i livet har møte med personar i forskjellige livsfasar prega han. Han tenkjer då særleg på husbesøk knytt til gravferd, og fortel vidare: "Då ser eg mykje levande kristentru i møte med stillferdige kvardagsmenneske. Slitne biblar og andaktsbøker fortel sitt klåre språk. Kor godt det då er å påpeika dette, og gi frimod til tru og etterfølging."

Så stansar tankane hans ved ein vårdag, der han sat hjå ein saudabu og hjelpte han med å ta reine klede ut av vaskemaskina – til ettermiddag same dagen der han sat med eit dødssjukt men-neske i djup kristen samtale,

At personar som er komne skeivt ut i livet har stort rom hos prostten, skjønar me når han fortel: "Det er mange her i

Sauda som har slite med rus av ulik art. Det er nokre av dei finaste og vare men-neske, som av ulike årsaker har hamna på skråplanet. Samtalar med slike gjer at ein ikkje blir for snar til å døma an-dre, men lytta til deira livssoge. Å for-midla til slike menneske at også dei var inkluderte då Jesus døydde og stod opp att, - at også dei er teikna inn i Kristi na-glemerkte hender og dermed verdifulle og umistelege i Guds augo. – Det er det stort å vera med på, og sjå korleis ei gry-ande gudstru litt etter litt veks fram."

Som prest og prost har Øystese opp-levd mange endringar i kyrkja, og på spørsmålet om korleis han ser på utvik-linga i Den Norske kyrkja, svarar han.

"Den norske kyrkja har for meg vore ein god arbeidsgjevar. Tenesta som prest og prost har eg fått prega ut frå mine ev-ner og anlegg, og har gjennom desse 20 åra fått utøva tenesta i stor fridom – og sjølv sagt i tråd med tenesteordning for prostten. – Eg er nok skeptisk til kor mykje meir tid eg no brukar på konto-ret, målt mot det eg gjorde i 1992. Den utadretta prestetenesta har ikkje fått den prioritet eg ønskte".

Elles peikar han på den teologiske ut-viklinga, og seier: "Der står eg på kyr-kja sitt gamle standpunkt om at mann og kvinne høyrer i hop i ekteskap. - Med det fleirkulturelle samfunnet vi har fått, er det midt i toleranse og vidsyn avgje-rande at vi formidlar Bibelen sitt syn om at Jesus Kristus er den einaste vegen til frelse for kvar den som trur Guds ord og lovnad."

I Øystese står heimen etter foreldra hans og ventar på pensjonistane, og me undrast kva tida skal nyttast til når dei flyttar?

"For første gong skal me bu i eige hus! Wenche og eg ønskjer å bruka god tid på å koma oss i orden i huset vårt. Me har hage og frukttre, og det gler me oss til å forvalta på ein god måte. I Øystese er det også eit godt tilhøve mellom bedehus og kyrkja, og såleis vonar me å bli med i arbeidet der lokalt."

"Turar i skog og fjell høyrer så av-gjort også med til våre framtidsplanar – saman med det å vera meir ilag med dei

tre gutane våre og deira familiar".

- Og så røpar han at han fram til å lesa mange bøker har hatt liggjande.

Til slutt spør me om det er episodar han vil dela med oss.

"Eg har hatt den lukke i livet å sjå al-vor og humor som eit tvillingpar. Livet har vidare lært meg at sjølvironi er sen-tralt for ein prest; ikkje vera sjølvhogti-deleg men kunna le av seg sjølv."

Prosten har ofte historier på lager, og så kjem det lunt: "Ein fin vårsundag i april 2002 var eg saman med Biskop Ernst Baasland ved vigsling av Kyrkje-tunet i Ølen. På 10-årsdagen, der eg og var, fekk me sjå film frå vigslinga – og den synta ein prost som gjespa i stor skala! Latteren stod då i taket i kyrkje-tunet! "

Mange har sett stor pris på å ha fått møtt Arne Øystese i forskjellige saman-hengar. Me kjem til å sakna han, men vil få ynskja både Wenche og Arne velsigna gode dagar i Hardanger!

Jens Tveit



Vikebygd kyrkje 1937 - 2012



Jubileumsfest på Bygdahuset for kyrkja og for 50-års konfirmantane.



Feira ei veke til endes

23. september kunne Vikebygd avslutte ei veke med jubileumsfeiring for kyrkja i bygda. På dagen 75 år etter innviinga. Dette er den 5. kyrkja på denne kyrkjestaden, der den første vart reist alt på 1200 talet.

Av Steinar Skartland

Jubileum i ei levande folkekyrkje

Den kvite murkyrkja i Vikebygd vart reist i 1936-37 etter at dei to førre kyrkjene vart råka av brann med to års mellomrom. Etter mange år der bygget var prega av slitasje, investerte fellesråd og kommunen over halvannen million kroner på oppussinga. I bygda bur om lag 550 menneske, men med mange gudstener som inkluderer familiar så syner statistikken eit gjennomsnittleg fram møte på gudstenestene i 2011 på heile 80 deltakarar. – I forhold til folketalet er dette det største gudstenesteframmøtet i kommunen, har kyrkjevevja kome til.

Så visste soknerådet også å inkludere små og store i markeringa av jubileet. Skulen og barnehagen var invitert til å teikna og forma kyrkjebygget. I jubileumsveka var veggene pryda med flotte

barneteikningar og i våpenhuset stod ei rekkje med modellar av kyrkjebygget, laga av kartong og gips. Dette skulle alle som kom til kyrkja få oppleve og sjå (og alle kan nå sjå dei på internett: hyrdingen.no).

Sprell levande kyrkje

Laurdag 15.9. var det fireåringane sin "bli kjent dag" i kyrkja saman med kateket og foreldra. Dei fekk bli med heilt opp i tårnet og høyra lyden av kyrkjeklokka. Når dei søndagen kom for å delta i "Sprell Levande Gudsteneste" og hausttakkefest, visste dei kor lyden av klokkene kom frå. Små og store fylte kyrkjebenkene denne dagen. Borna bar inn frukt og blomar for å vise fram grøda frå skaparverket. Laurdagsklubben song og borna fekk sitja heilt framme og sjå framføring av bibelforteljinga om Marta og Maria som fekk besøk av sjølvaste Jesus. Etterpå fekk alle fireåringane kvar sin barnebibel i gåve, og alle dei 14 konfirmantane vart presenterte for kyrkjelyden.

Torsdagen var det skule og barnehage sin tur til kyrkjevandring der borna både fekk tenna ljøs i lysgloben og klatra heilt opp i tårnet. Ingrid Sørvåg og Jens Tveit

fortalde om all den vakre kunsten og dei mange symbola i kyrkja. Det vart og fortalt om kyrkja si historie og korleis bygda miste to kyrkjer i brannar i løpet av 1926 og 1928.

Den store høgtidsdagen

Likevel, Sundagen var den store høgtidsdagen. Klokka elleve ringde klokkene inn til gudsteneste. Bak klokkaren som bar krossen toga speidarane inn i to lange rekkjer, følgd av sokneprest, prost og sjømannsprest, medan kyrkjelyden stod i benkeradene og preludiumet tona frå orgelet.

- Eg talde til 170 med stort og smått, kunne kyrkjetenar Øyvind Valen fortelje etterpå. Gudstenesta vart ei flott markering med song av Vegard Skartland og Iselin Eidhammer Tveit med Arne Tveit på piano. Kantorane Jury og Nelly Kotkowitz veksle om å spela på orgelet.

Sokneprest Johannes Nedrelid leia gudstenesta der speidarane las tekstane for dagen. Prost Arne O. Øystese hadde ein tydeleg og klår tale om Jesus, som både dei store og dei små borna kunne forstå. Og born var det mange av i kyrkja denne dagen, så soknepresten fekk alle

til å reisa seg og vera med i barnesongar. I gudstenesta kunne Nedrelid også presentera 50-års jubilarane for konfirmasjonen i 1962. Det var seks som kunne møte av dei ni som vart konfirmert i Vikebygd det året (to er gått bort).

Etter at gudstenesta var over drog mange vidare opp til Bygdahuset, der soknerådet inviterte til festmiddag. Soknerådsleiar Brit Nelly Ness Tveit kunne ynskja over 100 gjester til middag og feiring. I tillegg kom medlemmer i Vikebuen, som hadde stilt opp på dugnad på kjøken og servering. TUSEN TAKK !!

Ordføraren helsa til Vikebygd

Under festen vart det helsingar frå ordføraren, som overrekte blomar til leiar i soknerådet, Brit Nelly Ness Tveit. Ho har gjort ein stor innsats for å få pussa opp kyrkja og førebudd jubileet, både som leiar og som deltakar i dugnadsarbeidet. - Det er flott at borna kan vera med som i Vikebygd kyrkje i dag, sa ordføraren som peika på at dette gjer kyrkja til ei verkeleg folkekyrkje. - Denne murkyrkja er katedralen i Vindafjord nemnde han i talen.

- Det er truleg gjort omlag 400 dugnadstimar på kyrkja ved oppussinga, kunne Brit Nelly fortelje. I tillegg kjem innleigde tenester med murverk, dører og vindauger på omlag 1,5 mill. kroner. Soknerådsleiarane takka alle som hadde vore med i arbeidet og i denne flotte jubileumsfeiringa som varte i åtte dagar. - Me vil ikkje trekkja fram namn, for då vert alltid nokon gløymd, så eg vil berre seia TAKK til alle som har vore med, sa ho.

Likevel, ein måtte nemnast særskild. Dag Hans Nagel-Alne takka sivilarkitekt Arne Tveit som har vore ein viktig medhjelpar og konsulent for arbeidet med oppussing av kyrkja. Han har også delteke aktivt i dugnadsarbeidet saman med både soknerådsmedlemmer og andre.

Helsingar var det også frå leiar i Fellersrådet, som overrekte ein flott bibel i gåve til soknerådsleiarane for innsatsen. - I kyrkja song ungdomane: "Kva er du redd for?" sa Kleiven i talen sin og heldt fram: - men mi røynsle med vikebuen gjennom mange år både i politikk og kyrkje er at dei ikkje er redd for nokon ting. Og bygda klarte oppgåva med å få kyrkja klar til jubileet.

Prosten takka og vart takka

Prost Arne O. Øystese takka både alle dei som hadde gjort dugnad på kyrkja og ein raus kommune for midlar til oppussinga, som har kosta over 1,5 millionar kroner. - Det er alltid godt å koma til Vikebygd, sa han som nå hadde si siste gudsteneste i denne bygda i embetsmedfær som prost. Han slapp ikkje ned frå scenen før soknerådsleiarane hadde fått takka han for dei mange gongene han har vore med i Vikebygd, både i kyrkje og i soknerådsmøte. Ho overrekka han eit eksemplar av boka som er utgjeven om kyrkja i Vikebygd. Den kan han ha som minne på når han skal slutte av som prost i Nordre Ryfylke Prosti.

Jubileumsboka

Det var ei særskild fin bok Jens Tveit kunne presentere. Han var leiar i nemnda som har fått denne utarbeida. Ei bok med vekt på mykje bilete, både frå kyrkjebygget og aktiviteten. - I Vikebygd er det dei same som går i kyrkje og på bedehus, difor var det naturleg å ta med i boka litt om alt det flotte arbeidet som skjer i Vikebygd, sa han m.a.



Skuleborn på omvisning



Inngangsprosesjon



Godt frammøte til festgudstenesta 23. september.



4-åringane får bibelbok



14 konfirmanter i Vikebygd til våren



Ordførar gratulerer med dagen

Jubileum i Vikebygd kyrkje

Spenstig kyrjekonsert fredag

Dyktige, lokale musikarar

Fredag 21. september var det kyrjekonsert med lokale musikarar i den kvite murkyrkja i Vikebygd. Skule- og ungdomskorpset innleia konserten og vart etterfylgd av Astrid og Marie Mortveit, Vegard Skartland, Sunniva Tveit og Iselin Eidhammer Tveit, Lina Fisk Eide, Lene Liodden og Inger Karlsen.

Moderne tonar fylte 75-åringen då desse dyktige musikarane spela opp. I kyrkjebenkene sat omlag 165 tilhøyrarar (av desse var 135 betalande og resten ulike aktørar), ikkje berre frå Vikebygd, men mange også frå nabobygdene. Brit Nelly Ness Tveit var konferansier og presenterte musikarane. Etter at Vikebygd Skule- og Ungdomskorps fekk æra

av å opna konserten, uttrykte ho:

-Nå ser eg at dei ber namnet sitt med rette. Korpset har rekruttert og fått mange nye unge musikantar med.

Ho kunne vidare introdusera Marie Mortveit som den første solisten med songen: "This is my life."

-Når dei øvde i går kveld så tenkte eg, wow er den songen så fin? sa Brit Nelly om denne.

O' Happy Day

Sjølvsagt om bygget har heile to kyrkjeorgel så var det ungdomen sin kveld med moderne rytmar, der folk let seg imponera av m.a. Helge Veastad og Arne Tveit i samspel på både el-orgel, kyrkjeorgel og ulike gitarar. Det heile toppa seg då resten av

orkesteret kom med på gitar, bass og slagverk i siste del. Arne, som både er arkitekt, musikar og kyrkjeorganist brukar mykje tid på musikk i Vikebygd, og er ofte med i det som skjer av arrangement, men også i ungdomsarbeid. Han og Helge Veastad har funne tonen i lag der dei ofte samlast til øving og samspel på loftet hos Helge. Flott at også bygda kan få glede seg over musikken dei skaper saman.

Siste del av konserten fekk kyrkje publikummet gle seg over Gro Marit Messmer Larsen som saman med Kjetil Ohm, Iselin E. Tveit og band, verkeleg fekk taket til å løfta seg med mange flotte songnummer. Songen: O' Happy Day, var vel også eit godt uttrykk for heile jubileumskonserten.



Helge Veastad



Vegard og Sunniva



Gro Marit og Kjetil



Brit Nelly Ness Tveit



Lina, Lene og Inger



Iselin E. Tveit



Skule- og ungdomskorpset

Kongens heider til Tomas Finnvik

Velfortent, på sin plass, må vera ord som høver når den bygde og samfunnsengasjerte bonden på Hyttebøen i Imsland fekk kongens sølv på 75-årsdagen sin.

Tomas Finnvik har vore ein samfunnsbyggjar gjennom eit langt liv, og han er framleis aktiv.

Særleg har det kyrkjebyggjande arbeidet, og arbeid knytt til lokal kultur, den lokale saga, stått hans hjarta nær.

Det åndelege livsmottoet hans har vore knytt til Mathias Orheim sin song: "Eg har ei tenesta stor for Gud". Tjue år som kyrkjetenar, tolv år som soknerådsløiar, leiar i det kommunale fellesrådet, bladarbeid knytt til "Hyrdingen", svært aktiv i arbeidet med boka om Imsland kyrkje i høve 150-årsjubileet i 2011, er døme på kyrkje-engasjementet hans.

Tomas Finnvik er ein ettertrakta forteljar og kåsør. Den lokale saga er på så mange måtar identisk med personen: Han har ei nesten utømmeleg kjelde av lokalhistorisk kunnskap i seg,

Engasjement knytt til det lokalhistoriske skriftet "Vindetrete", medlem i bygdeboknemda, framleis aktiv i arbeidet med bygdebok for Imsland, lokalhistorisk skribent i Suldalsposten er døme på ei unik interesse for å ta vare på dei



Foto: Elin B. Øvrebo/Grammar

lokalehistoriske skattane i bygdene våre.

Politisk har han vore aktiv, både som medlem i kommunestyret ein periode, medlem i skulestyret og ikkje minst som leiar i sosialstyret i gamle Vindafjord kommune.

I alt dette har Tomas Finnvik og hatt tid til å vera både familiemann og bonde. Men også næringspolitisk har han vore aktiv, som leiar i Rogaland Eggslag, styremedlem i Norske Eggsentraler og åtte året i styret i Felleskjøpet Rogaland/Agder.

Tomas Finnvik fekk kongens heider for ideelt kulturarbeid, men han kviler ikkje på laurbæra for det. Han er framleis like aktivt medlem i redaksjonen for "Vindetrete", og han har framleis delstilling i arbeidet med bygdeboka for Imsland.

Garden driv han og, med mjølking og stuing. -Ei velfortent påskjønning til ein samfunnsbyggjar og heidersmann!

Gunnar Listog

50-års konfirmantar




50 års konfirmantar i Vikebygd Arnhild Veastad Bugge, Sigrun Erdal Ørnes, Karla Egge Hetland, Randi Bjelde Tjøflot, Svein Harald Barane og Inga Øvstedal Thorsen. Her i Vikebygd kyrkje 23. september saman med sokneprest Johannes Nedrelid.

Jubileet vart feira under kyrkja sitt 75 års jubileum der dei også deltok i middag og arrangement på bygdauset. Dei var ni konfirmantar i 1962. Av desse er to gått bort.



50 års konfirmantar i Imsland: Magne Inge Nybru, IngerHelene Torsteinbø Nilsen. Vilhelm Johan Hustveit

Teikningar/kyrkjemodellar - Vik skule



Borna på Vik skule laga modellar og teikningar av kyrkja

Helgemessesøndag den 4.11.2012

Helgemessesøndag (også kalla Allehelgensdag eller aldermesse) er ei heilag-dagsmarkering som etter gamal tradisjon var ein fest for alle dei heilage (helgenar) ein ikkje kjenner namnet på. På primstaven var han merkt den 1. november. Den norske kyrkja markerer då den kvite liturgiske fargen fordi vi gleder oss over kva dei avlidne har vore for oss, og over at dei nå er hos Gud.

Halloween

Tradisjonen med å kle seg ut på halloween kjem av All hallows eve, som betyr Alle helgenar sin kveld og er ein gamald keltisk tradisjon. I motsetning til

halloween, handlar ikkje allehelgensdag om spøkelse og døde menneske som går igjen. I kristendommen trur vi ikkje på at menneske går igjen, korkje som fortapte sjeler eller som reinkarnerte skikkelsar. Derimot trur vi at den døde er hos Gud.

Korleis blir helgemessesøndagen praktisert?

I mange kyrkjer held dei ei minnegudstene på helgemessedagen. Namna på dei døde i kyrkjelyden det siste året blir lesne opp og ein tenner eit lys for kvar einskild person. Presten les ei bøn, og vi seier takk til Gud for dei som har gjort livet vårt rikare, samtidig som vi ber til Gud

om hjelp i sorga. Helgemessesøndagen tenner mange lys på gravene, ein tradisjon som starta då Kong Olav V døde 17. januar 1991. Ein sørgjande nasjon æra kongen ved å tenna ei rekkje lys utanfor Slottet i Oslo.

Lag din eigen tradisjon i heimen Lystenning på gravene er ein tradisjon som born og unge bør bli lærte opp til. Det er ei verdigheit overfor dei som er døde og i tillegg tar ein vare på slektskjensla. La gjerne borna vera med på å laga eigne faklar som kan bli brukt på grava. Ta fram fotografier og snakk med borna om dei slektningane som er gått bort.

Nytt bedehus / kyrkjelydshus i Vats

Det kan bli aktuelt å kjøpa arealet mellom Vats kyrkje og Vindafjordhallen. Me reknar med at det vil bli avklart nå i haust (vinter) når det gjeld aktuelle løyve frå Bispedømeråd, Riksantikvar og Vindafjord kommune.

Det trengst økonomiske midlar på nærare kr 300.000,- til å dekkja kjøpesum og medfylgjande utgifter. I slutten av

september var det kome lovnad om til saman 145.000 kr. Dette er me svært takksame for.

Styret bed dei som er interesserte i å støtta denne saka om å melda frå til kasserar Jostein Sørhus kor mykje dei vil gje. Det ville vera kjekt om dette kunne ordnast forholdsvis snart. Når dei siste godkjenningane er i orden, vil dei som

har meldt seg som gjevarar få melding om innbetaling.

Det som den einskilde ynskjer å gje, vil ikkje på nokon måte bli offentleggjort.

Jostein Sørhus kan kontaktast på mob.: 909 88 835 eller e-post: jostein-sorhus@online.no

Styret

Kyrkja i Ihosy utan tak

Ei gruppe frå Vindafjord var i sommar i byen Ihosy på Madagaskar, der kyrkja ennå står utan tak. Nå vil Kari og Anne Line Granberg reisa pengar til å få kyrkja ferdig.

I sommar var Kari og Anne Line Granberg på tur til Madagaskar i lag med ei gruppe frå Vindafjord, - også denne gongen i regi av Sigrunn og Martin Ivar Arnesen.

Måndag 29. oktober vil dei i samarbeid med NMS mannsforeining ha ein

Madagaskarkveld på Kyrkjetunet i Ølen, kor dei vil formidla sine opplevingar frå turen i film, ord og bilete. Det blir også andakt, enkel bevertning og gratislotteri, - det meste i gassisk «ånd».

Mykje godt arbeid blir gjort der nede, men det er alltid noko meir ein kan vera med å støtte. Konkrete prosjekt som ein kan sjå resultat av etterpå er ofte spennande. I ein «bydel» i Ihosy (byen kor Sigrunn og Martin Ivar var misjonærer) har det stått ei kyrkje i 3 år utan tak. Dei har

nå gudstjeneste/samlingar i ein skule og det er upraktisk for begge partar. Kyrkjelyden i bydelen har taket liggjande, men ikkje midlar til å få det på, og dette synes Kari og Anne Line er for gale. Derfor håpar dei på ein stor og god kollekt denne kvelden slik at kyrkjelyden i Ihosy kan få «tak øve høve». Desse to Madagaskar venene håpar mange vil ta turen til Kyrkjetunet denne måndagskvelden for å få med seg både misjon og kultur frå Madagaskar.

Madagaskarkveld til inntekt for kyrkjetak

Måndag 29. oktober:
Kyrkjetunet i Ølen.

Kari og Anne Line Granberg
i samarbeid med NMS
Mannsforeininga, formidler sine
opplevingar frå turen i film, ord
og bilete. Det blir andakt, enkel
bevertning og gratislotteri, - det
meste i gassisk "ånd".



Pilgrim i Rogaland

Helgenane er på veg tilbake til den religiøse og åndelege arenaen også på protestantisk kyrkjemark.

Kanskje er det eit resultat av folk er trøytte av meiningar og ei kyrkje som produserer meir ord enn åndeleg erfaring?

Vår tid søker ein åndelegheit som er meir enn oppfatningar, standpunkt og læresetningar. Folk søker ein åndelegheit som handlar om trua si innside.

Den som søker dette vil fort støyte på helgenane og deira livs- og truserfaringar. Vår tid treng helgenane og helgenforteljningane, dei talar trua sitt hjartespåk.

Eg snakkar ikkje om ei helgentru, der ein går helgenane i møte, i bøn og tilbeding, men at dei kan vera trusvitne til inspirasjon og etterfølging, slik det står i Hebrear-brevet 13.7:» Tenk på deira liv og utgangen dei fekk. Ta deira tru til førebilete.»

Keltiske helgenar var ikkje fjerne, overnaturlige vesen, dei var menneske av kjøt og blod, med daglegdagse problem og ut-

fordringar. Dei hadde ofte kvardagsheltens rolle, og var personar folk, både i deira samtid og i dag, kan kjenna seg igjen i.


Me Vestlendingar, kystfolk som me er, kan sikkert ha glede og nytte av å bli betre kjent med St. Brendan (486- 578) Han var den store sjøfararen blant dei keltiske helgenane, og blir kalla «navigatøren»

Det som har gjort han særleg berømt i si samtid skal vera at han drog ut på ei reise tvers over Nord-Atlanteren langs den såkalla «vadesteinruta» (Irland, Skottland, Færøyane, Island, Grønland, Newfoundland) heilt fram til den amerikanske austkysten.

Kor mykje vekt ein skal leggja på forteljningane som historiske dokument, kan diskutera.

Om dei har oppbyggeleg verdi vil den finna ut som melder seg på temaretreaten og dreg til Utstein Pilegrimsgard.

Ingerid Aadland



9. – 11. november:
Temaretreat på Pilegrims-
garden. Keltiske helgener

– St. Brendan.
ved Mecky Wohlenberg.
Kr. 1.900,- Påmelding

Velkommen til
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg. Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon, Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

LES MER PÅ LVS.NO

 LUNDENESET VGS Vi er en del av  NLM vgs  LUNDENESET VGS Vi er en del av  NLM vgs  LUNDENESET VGS

Knapphus
Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knapphus
Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank
SR-BANK

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01
E-post: joker.vikebygd@ngbutikk.net



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

Skjold kyrkje: Konsert med Sigrid Moldestad m/band

14. november kl. 19.00. Bill.: 250.-

Bill. frå kl. 18.00

Førehandssal: Knapphus, Esso i
Skjold, Coop-Skjold, Haugesund
Sparebank i Aksdal.



Julekonsertar KORE' Vindafjord

Bjoa kyrkje 28.11 kl 20.00

Vats kyrkje 04.12. kl 20.00

Vikedal kyrkje 06.12 kl 20.00

Misjonsmesse for Skjold og Vats

På Isvik Bedehus fredag 16. og laurdag 17. november

Fredag: Misjonsfest kl 19.00. Festtalar Trygve Sandvik.

Song av KM-karane frå Etne. Varmrett, åresal m.m

Laurdag: Familietime kl. 11.30. Andakt v/Randi B. Dagsland.
Song av Skjold barnekor. Kafè og åresal. Sal av handarbeid og
heimebakst startar rett etter familietimen.

ONSDAGS MØTE I VATS!

Denne hausten prøve me å ha fellesmøte kvar onsdag.

3. okt.NLM. Kårhus bed. • 10.okt.NORM. Ø.V.bed.

17.okt. NMS.Blikrab.bed. • 24.okt. INSM.Kårhus bed.

31. okt.Samem. Ø.V. bed. • 7. nov. Kristen muslim misjon.

Blikrab.bed. • 14. nov.ISRAEL m. Kårhus b. • 21.nov.

INSM.Ø.V.b. • 28 nov. NLM.Blikrab b. • 5.des. Norm. Kårhus b.

• 12.des. ADVENTS PROGRAM. Ø.V. eller Kyrkja.

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no



GRAVSTEIN



Se vår store
utstilling, eller ring
og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30

Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

FRÅ KYRKJEBOKA

SKJOLD

Døpte:

09.09. Camilla Corvera Førland
09.09. Håkon Mortveit
09.09. Lars Martin Velde

Døde:

20.08. Ingvard Løtvedt f.1942

VATS

Døpte:

02.09. Hedda Strand
16.09. Frøya Fadnes

Vigde:

18.08. Grete Iren Eide og Øyvind Steinnes

Døde:

15.08. Astri Amdal f.1933
17.08. Olav Århus f.1930
14.09. Sigrid Seljestad (Mimmi) f.1930

VIKEDAL

Døpte:

05.08. Johanna Sørvik Steinnes (Motorbanen)
02.09. Leah Gilje
02.09. Andreas Haraldsen Ræstad

Vigde:

08.09. Siv Helene Staknes og Geir Bakkedal

Døde:

29.08. Bjarne Nybru f.1936
04.09. Berit Kristin Sigmundstad f.1943

SANDEID

Døpte:

26.08. Kristian Opheim Lærdal
26.08. Even Moe Vestbø

Døde:

27.08. Marta Serine Heggebø f.1926

IMSLAND

Døde:

18.08. Elna Rivedal f.1959

ØLEN

Døpte:

26.08. Odin Eikjeland Sørheim
26.08. Linneah Hardeland Susort
09.09. Nikolai Heggen Vestbø
30.09. Astrid Lauvaas Øvrevik
30.09. Steffen Gunderstad

Døde:

03.09. Nils Ragnar Vannes f.1918

BJOA

Døde:

25.09. Hilda Helgesen f.1924
29.09. Halldis Lien f.1920

MØTER OG KUNNGJERINGAR

Kårhus bedehus

19. okt. Bedehusbasar kl.19.00 Andakt v/ Torleiv Åreskjold. Song og musikk av 3 jenter frå Lundeneset vgs.
24.okt. Onsdagsmøte v/ Den indre sjømannsmisjon.
26.-28 okt. Møte v/ Kjetilstad og Natland
1. nov Møte v/ Normisjon, Kørner Høie.
14. nov. Onsdagsmøte v/ Israelsmisjonen.
27. nov. Møte v/ Normisjon, Kørner Høie.
1. des Juleverkstad kl. 12 – 14
5. des. Onsdagsmøte v/ Normisjon, Aud Vihovde Hoftun.

Vikebygd bedehus

11. okt.	19:30	Glad song, ISM, G. Kallevåg.. Kaffi.
13. okt.	15:30	Laurdagsklubben
18. okt.	11:00	TrippTrapp
19. okt.	19:00	Basar. Normisjon
24. og 25. okt.		Innsamling til Ukraina
27. okt.	15:30	Laurdagsklubben
8. nov.	11:00	TrippTrapp
10. nov.	15:30	Laurdagsklubben
15. nov.	19:30	Glad song. Bjoa invitert
22. nov.	19:30	Song mus.møte v. Eli Kolstad Indremisjsamsk.
24. nov.	15:30	Laurdagsklubben
29. nov.	19:30	Filmkveld

Vågen bedehus

Oktober

Søndag 21.	Søndagsmøte v/Samemisjonen
Onsdag 24.	Bønnemøte
Torsdag 25.	Israelskveld på Kyrkjetoynet
Fre. 26. -Søn.28.	Møtehelg v/Arnt Magne Granberg
Onsdag 31.	Bønnemøte

November

Tor. 1.- Søn. 4.	Møtehelg IMS
Ons. 7. - Tor. 8.	NLM møte på Kyrkjetoynet
Søndag 11.	Søndagsmøte
Onsdag 14.	Bønnemøte
Søndag 18.	Søndagsmøte v/ Gideon
Onsdag 21.	Bønnemøte
Lørdag 24.	Julemesse for bedehuset på bygdasenteret.
Onsdag 28.	Bønnemøte

Desember

Lørdag 1.	Bokmesse IMS
Søndag 2.	Søndagsmøte
Onsdag 5.	Bønnemøte

Bedehusa i Skjold

Oktober

Austerheim bedehus	søndag	21.10.	kl. 18.00	Ev. Orientmisjon
Austerheim bedehus	tysdag	23.10.	kl. 19.30	Kr. Muslimmisjon
Ersland bedehus	onsdag	24.10.	kl. 19.00	Basar Israelsmisjonen
Austrheim bedehus	torsdag	25.10.	kl.	Bygdakveld
Ersland bedehus	søndag	28.10	kl. 14.30	Haustræff
Isvik bedehus	tysdag	30.10	kl.19.30	Misjonssambandet

November

Ersland bedehus	tysdag	06.11	kl. 19.30	Indre Sjømannsmisjon
Haraldseidvågen	månd/tysd.	12./13.	kl. 19	Elieser 6
Austrheim bedehus	tysdag	13.11.	kl 19.30	Misjonssambandet
Isvik bedehus	tysdag	20.11.	kl. 19.30	Samemisjon
Ersland bedehus	tysdag	27.11.	kl. 19.30	Misjonsselskapet
Austrheim bedehus	fredag	30.11	kl. 19.00	Grauttfest

Kyrkjetoynet - www.kyrkjetoynet.no

torsdag	25. oktober	19:30	Temakveld for Israelsmisjonen
søndag	28. oktober	16:00	F-16 SHOW IT
mandag	29. oktober	19:30	Madagaskar-kveld
torsdag	01. november	11:00	Torsdagstræff
søndag	04. november	16:00	F-16 SHOW IT
onsdag	07. november	19:30	Møte v/NLM
torsdag	08. november	19:30	Møte v/NLM
lørdag	10. november		Misjonssmesse NMS
onsdag	14. november	19:30	Kvinneforum
søndag	18. november	19:30	Allsangkveld v/ Ola Ohm
torsdag	22. november	19:00	Dugnadsfest
søndag	25. november		Søndagsmøte v/ Svein Bjarne Aase
torsdag	06. desember	11:00	Torsdagstræff

Innbjoa bedehus

MINI-CREDO	Credo	Barnekoret	Themelia	Bedehusmøte
2. og 3.kl	4.-7.kl	4 år og oppover	8.-10.kl	Onsdag i partalsveker
onsdag i oddetalsveker	Onsdag i partalsveker	Torsdag i partalsveker	Torsdag i partalsveker	K.l 19.30
kl 18.00-19.30	17.30-19.15	partalsveker Kl. 17-18	Kl 18-20	

Vikedal bedehus

Ungdomsklubben jr. 5.-7.kl., annakvar torsdag kl 18 – 20:00
Vikedal ungdomsklubb: 8.-10.klasse kvar 14.dag kl. 19 – 23:00
Misjonsgruppa for NMS i Vikedal , Basar/Messe laurdag 27.okt. kl.13

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudsteneste	Vikedal Prestegjeld	Skjold Prestegjeld	Ølen Prestegjeld
21. oktober 21.s. i treeiningstida Luk 16,19-31	Imsland kl.11.00 Høgmesse. Nattv. Takkoffer: NMS Misjonær Anne Marie Reimers tek del.	Skjold kl 17.00 G-17 Gudsteneste Nattverd Takkoffer: G-17 - Kveldsmat	Vikebygd.kl.11.00 Høgmesse. Dåp og nattverd. Takkoffer. Norges KFUM/KFUK. Ølen Kl 16.00 Sprell-levande gudsteneste. Dåp. Bibel til 4-åringar. Takkoffer: Kyrkjelydspedagog
28. oktober Bots og bededag Luk 18,9-14	Sandeid kl. 11,00 Gudsteneste. Takkoffer: Diakoniarb.	Vats kl 19.00 Tomasmesse Nattverd Takkoffer: Livets tre	Ølen kl. 16.00 Gudsteneste. Takkoffer: Kia-Rogaland.
04. november Allehelgensdag Matt 5, 13-16	Vikedal kl. 11,00 Høgmesse. Takkoffer: Diakoniarb. Nattverd. Konfirmantane tek del.	Skjold kl 11.00 Minnegudsteneste Nattverd Takkoffer: Institutt for sjelesorg	Ølen 3.nov kl 16.00 Minnegudsteneste Bjoa kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelyden
11. november 24.s.i treeiningstida	Imsland kl. 16,00 Familiemesse. Takkoffer: Sjømannskyrkja. Nattverd. Utd. av Mi Kyrkjebok	Vats kl 11.00 Familiiegudsteneste Speidarane deltek Takkoffer: Speidarane	Ølen kl. 11.00 Familiemesse. Nattverd. Kids of Joy. Takkoffer: Opne dører.
16. november			Lundeneset vgs Kl. 20.30. Ungdomsgudsteneste. Takkoffer: Blå Kors
18. november 25.s.i treeiningstida Matt 14, 22-34	Sandeid kl. 16,00 Familiemesse. Takkoffer: Barne- og ungdomsarb. Nattverd. Utd. av Mi Kyrkjebok. Konfirmantane tek del.	Skjold kl 11.00 Familiiegudsteneste Speidarane deltek Takkoffer: Speidarane	Ingen gudsteneste Ølen. Vikebygd kl. 17.00 Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Kirkens Sosialteneste
25. november Siste søndag i kyrkjeåret Matt. 25, 1-13	Vikedal kl. 16,00 Familiemesse. Takkoffer: NMS. Nattverd. Utd. av Mi Kyrkjebok. Spr. Arne Haug tek del.	Vats kl 11.00 Nattverd Takkoffer: Diakoniarbeidet	Ølen kl. 11.00 Høgmesse Dåp og nattverd. Takkoffer: Sjømannskyrkja.
2. desember 1.s. i advent Matt 21, 10-17	Imsland kl. 17,00 Lysmesse. Born og unge tek del. Takkoffer.	Skjold kl 11.00 Familiiegudsteneste Lys våken Takkoffer: Trusoppl.i Vindafjord Vats kl 19.00 Lysmesse Takkoffer: Barne og ungdarb.	Ølen kl. 11.00 Familiiegudsteneste. Lys Våken. Biblar til 5. klasse. Takkoffer: Kyrkjelyden.
9. desember 2.s.i advent Joh 16, 21-24	Sandeid kl. 17,00 Lysmesse. Takkoffer: Kyrkjelydsarb. Konfirmantane tek del.	Skjold kl 19.00 Lysmesse Korpset Takkoffer: Korpset	Bjoa kl. 11.00 Familiiegudsteneste. Takkoffer: Brandøy Vikebygd kl. 19.00 Lysmesse. Takkoffer: Vikebygd KFUM/ KFUK

**HVORDAN
HAR DU DET**
egentlig?



Kirkens SOS
815 33 300

ET MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Andaktstelefonen

380 91700

Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag

Tjenesten
er gratis

Neste nr. av Hyrdingen kjem ut 6. des.
Stoff kan sendast til:

Hyrdingen, postboks 6, 5574 Skjold.

E-post: redaksjonen@hyrdingen.no

Frist for innlevering av stoff: 17. nov.

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)